

**Notat**Dato: 26.04.2018  
Arkivsak: 2017/16980-10  
Saksbehandlar: birhau

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Svar på oversendingsforslag - bygg og anleggsteknikk Odda vgs**

Fylkesrådmannen viser til møteprotokollen frå møte i Utval for opplæring og helse 17.04.18 der det under PS-39/18 vart sett fram følgjande oversendingsforslag frå Jeanette Syversen:

«Bygg og anleggsteknikk ved Odda Vg1 vert vurdert fram mot fylkesutvalet, førstkomande. For å belyse saka sitt grunnlag ytterlegare».

**Vurdering**

Dei yrkesfaglege Vg1-programma ved Odda vidaregåande skule har vesentleg færre søkjarar enn i 2017. I år har alle Vg1-programma færre primærsøkjarar med ungdomsrett enn talet på plassar.

Bygg og anleggsteknikk:	15 plassar	5 primærsøkjarar
Elektrofag:	15 «	9 «
Helse- og oppvekstfag:	28 «	19 «
Teknikk og industriell produksjon	28 «	23 «
<b>Totalt:</b>	<b>86 plassar</b>	<b>56 primærsøkjarar</b>

Tala viser at alle utdanningsprogramma ovanfor har mindre enn 85% søkjarar i høve til talet på plassar, og at talet på søkjarar totalt sett berre er 65% av kapasiteten.

Med så stor skilnad mellom plasstal og søkjartal vil det i år bli ledige plassar på alle yrkesfaglege utdanningsprogram ved Odda vidaregåande skule, med eit mogleg unntak for Vg1 Teknikk og industriell produksjon.

Vg1 Bygg og anleggsteknikk har eit søkjartal som utgjer 1/3 av kapasiteten. Ved å gjere framlegg om nedlegging av dette tilbodet i år vil oppfyllinga ved dei andre utdanningsprogramma ved skulen bli litt betre — men likevel ikkje fullt utnytta. Dette må ein akseptere ved skular utanfor Bergensområdet som for det aller meste berre har søkjarar frå sitt nærområde, men fylkesrådmannen finn det vanskeleg å tilrå at tilbod med så lågt søkjartal skal kunne oppretthaldast både av faglege og økonomiske grunnar.

Odda vidaregåande skule skriv elles m.a. slik i si tilbakemelding etter prognoseinntaket:

«Odda vgs vil støtte dei vurderingane inntaksleiar Nils Skavhellen har gjeve i fylgjeskrivet til prognosetala. Dette syner god forståing for utfordringane skulen har med tanke på elevtalsutvikling, og peiker samstundes på løysingar skulen kjenner seg heime i og har erfaringar med. Prognosetala og denne uttalen er drøfta med plasstillitsvalde for Utdanningsforbundet, Lektorlaget, Sjukepleiarforbundet og NITO»

Dersom fylkesutvalet gjer vedtak om å leggje ned tilbodet for skuleåret 2018/19 kan det i klassesaka i desember 2018 bli oppretta att for skuleåret 2019/20.